NR. 2 APRIL 2008 35. ÅRGANG

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



**I dette nummeret kan du m.a. lesa:**

Ungdomssida ................................. side 4-5

Kvifor er eg framleis lutheranar :..side 7

Nytt fra familien Sander .....................side 9




# Utdrag av årsmeldinga til soknepresten

Gudstenesteframmøtet gjekk nominelt ned frå **8768** i 2006 til **8164** i 2007. Men talet avspeglar nok meir status quo enn reell nedgong, då vi hadde 3 færre gudstenester i Blomvåg, og inga misjonærutsending i Hjelme! Men talet på nattverdgjester er ned frå **2127** til **1742**. I begge tilfelle ser eg begge sokn i Øygarden Prestegjeld under ett.

**Om gudstenesta.**
Det å feire gudsteneste er det viktigaste vi gjer som kristen kyrkje og lokalkyrkjelydar. Her vert menneske kalla inn til dåp og tru, og til å følgje Jesus Kristus. Dei truande får trøyst og kveik i trua, dei uomvendte kall til å ta i mot Kristus. Og her bygger vi Guds kyrkjelyd mellom oss. Eit sentralt spørsmål på Seniorprest Per Fimreite sitt nådegåveseminar sist haust og vinter var: "Er vi ein kyrkjelyd?" Og, "Kva for konsekvensar får det om vi er ein kyrkjelyd?" Viktige problemstillingar for Øygarden Prestegjeld! Per Fimreite kjem att til Blomvåg sokn hausten 2008, og tek del ved nye Forbønsgudstenester i 2008 og 2009.

Det er godt å få "lene seg til" den klassiske måten å feire gudsteneste på. Men ikkje alle tradisjonar treng ikkje takast vare på. I 2004 tok eg difor initiativet til ei gudstenestereform. Bakgrunnen for dette kan lesast meir om på nettsidene våre.

**Eg tenkjer om gudstenestene våre som ein trekant:**

*1.Klassiske "oppbyggelege" gudstenester med nattverd som hovudregel.*

*2.Familiemesser for å nå born, ungdom og barnefamiliar. På desse er det t.d. til vanleg bare ei lesing frå Guds Ord. Desse og med nattverd som hovudregel.*

*3.Familiegudstenester for å nå born, ungdom og barnefamiliar, og til oppfølging av Dåpsopplæringsplanen. På desse er det t.d. til vanleg bare ei lesing frå Guds Ord. Desse har som hovudregel ikkje nattverd.*

**Om kyrkjelege handlingar**
Det er stadig store utfordringar rundt kyrkjelege handlingar. Vigselstalet(7) er det same i 2007, som i 2006. Talet på dåpshandlingar syner på ny auke, frå 39 i 2006 til 51 i 2007. På gravferdssida er det "midt på treet", frå 47 i 2006 til 37 i 2007. Konfirmanttalet er det same som i 2006: Heile 63 vart konfirmert i våre to sokn.

**Kyrkjesituasjonen.**
Situasjonen for Den norske kyrkja er utan tvil blitt meir alvorleg i 2007 etter kyrkjemøtet. I tillegg har me i landet ein allmenn sekularisering der meir og meir av kristenarven attende til Heilag Olav og kristninga vert teken bort eller ignorert. Vi ser óg mange teikn på ei stor moralsk krise i landet. Det var difor bra at sokneprest og rådsleiarar sto fram med denne erklæringa etter Visitasgudstenesta 17.september 2006:

***I samråd med biskopen er vårt mål for det vidare arbeidet å be og arbeide for:***
***1. At menneske i Øygarden vert kalla til tru på og lydnad mot Jesus Kristus, slik at dei med oss kan verta frelst og nå Himmelen.***
***2. At kristen diakoni og kjærleik kan fylle prestegjeldet si verksemd.***
***3. Godt samvirke mellom embete og råd.***
***4. Gode relasjonar mellom den offisielle kyrkja og det friviljuge kristne arbeidet.***
***5. Gode og bibeltru prestar til Øygarden prestegjeld óg i framtida.***
***6. Eit bibelsk basert bispetilsyn for Øygarden prestegjeld, andre kyrkjelege einingar og einskildpersonar som står i den same klassiske kyrkjetradisjonen som oss.***
***7. Eit nytt kyrkjeleg rom, i lojalitet mot vårt evangelisk-lutherske trusgrunnlag i Skrift og Vedkjenning, gjerne på økumenisk og internasjonal basis. Kristus mellom oss, håpet om herlegdom! (Kol.1,27b)"***

Klassisk kristendom trengs! Lat oss ikkje verta usynlege, men med frimot halde oppe flagget! omande generasjonar!
De vert framleis inviterte til å diskutere på årsmøtet kva soknet og prestegjeldet bør foreta seg vidare i "forhalingsprosessen" og i kyrkjesituasjonen i det heile. Vi bør-så langt vi kan-tenkje på kva for kyrkje og kristendom vi skal gje våre born og k

Eg opplever det som ei stor hjelp at www.carissimi.nu har kome på banen. Dette tiltaket liknar svært på Øygarden Prestegjeld sitt innsteg 2006. Det synest óg som om forståinga for ønsket om alternativt tilsyn er aukande. Sjølvaste Bergens Tidende går no inn for alternativt tilsyn!(Leiar, BT 22.januar 2008)

Eg skriv dette til dykk straks før Faste:

Eg helsar alle dei truande og alle menneske av god vilje med dette Ordet frå Hebrearbrevet som er både til trøyst, og til kall til å halde ut i striden for Evangeliet:

***"Difor, når vi har så stor ei sky av vitne kring oss, så lat oss leggja av alt som tyngjer, og synda som heng så fast ved oss, og halda ut i det løpet som ligg framfor oss, med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar. For å få den gleda som venta, heldt han ut på krossen utan å bry seg om skamma, og han har sett seg på høgre sida av Guds kongsstol. Ja, tenk på han som heldt ut ein slik motstand frå syndarar, så de ikkje trøytnar og blir motlause." (Hebr.12,1-3)***

*Med venleg helsing*
*Dykkar tenar i Kristus Jesus*
*Svenn Martinsen*
*sokneprest*

**Frist for stoff til ØyNytt i 2008:**

| | |
|---|---|
| Nr 3: 23. mai | Nr 5: 14. oktober, |
| Nr 4: 12. august, | Nr 6: 24. november |


## Den norske kyrkja i Øygarden

**ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar |
| Redaktør: | Odd N. Thormodsæter |
| Kontingent: | Min. kr 100,- pr. år innan kommunen |
| | Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen |
| Takkeannonsar: | kr 100,- |
| Kontonr.: | 3628 07 02557 |
| Layout/trykk: | Grafisk Team AS |
| Distribusjon i Øygarden: | Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29 |


**Kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Vitjingsadresse: | Helse- og tenestesenteret, Rong |
| Postadresse: | Boks 144, 5331 Rong |
| Telefon: | 56 38 22 40 |
| Faks: | 56 38 22 41 |
| Vakttelefon: | 56 38 22 44 |
| E-post: | kontor@kyrkja.net |
| **Internettsider:** | **kyrkja.net** |
| Ekspedisjonstid: | måndag – fredag 0900 – 1500 |

**Tilsette:**

| | |
|---|---|
| **Kontorsekretær** | Kari Sandøy Rong |
| e-post: | kontor@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 40 |
| **Kyrkjelydspedagog** | Turid Toft Amenya |
| e-post: | kyrkjelydspedagog@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 47 |
| **Kantor** | Anne Lise Grøm |
| | kantor@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08 |
| **Sokneprest** | Svenn Martinsen |
| e-post: | sokneprest@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 44 |
| **Kyrkjeverje** | Odd N. Thormodsæter |
| e-post: | kyrkjeverje@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 43 |

**Kyrkjene:**

| | |
|---|---|
| **Blomvåg kyrkje** | tlf. 56 38 70 22 |
| e-post: | blomvag.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. | Kåre Kristoffersen Mobil: 911 05 197 |
| Klokkar: | Ole Vik |
| **Hjelme kyrkje** | tlf 56 38 80 30 |
| e-post: | hjelme.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. | Janesh Amenya Mobil 958 23 472 |

**Råda:**

| | |
|---|---|
| Blomvåg sokneråd: | Leiar: Olaug Merete Rong |
| Hjelme sokneråd: | Leiar: Atle Dåvøy |
| Øygarden kyrkjelege fellesråd: | Leiar: Gustav Landro |

**Beredskapordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655**
*Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.*
Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå **kl 1700 til kl 0800** neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.
Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før **5638 2244**.

# MIN SALME *av Maria Andrea Pahr.*



*Jesus, Jesus – her er jeg.*
*Ved ditt kors jeg bøyer meg.*
*Gir meg selv til nåden din.*
*Skje din vilje, ikke min.*
*Dann ditt bilde dypt i meg*
*så mitt liv gjenspeiler Deg.*
*Jesus, Jesus – her er jeg.*
*Ved ditt kors jeg bøyer meg.*

*Tekst: Tove og Jan Honningdal*
*(på CD-en: du alene er Gud*
*– Prokla medier 2005)*

For meg er det godt å seia til Jesus at eg vil vera Hans og at eg vil at Han skal visast i meg.
Særleg er dette godt når livet er noko tungt og grått. Då er liksom alt anna borte og alt eg har igjen er Jesus. Det er frigjerande å seia til Jesus: Her er eg. Du veit at eg treng deg. Eg treng din fred. Eg treng din visdom. Eg treng di kraft. Eg treng di tilgjeving. Eg veit at du har alt dette for meg. Eg ynskjer å vera open for det Du vil gje meg – berre fyll på.
Denne songen er god i slike stunder. Tilbake til det enkle. Tilbake til det viktigaste. Tilbake til Jesus.

# GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN

Blomvåg Songkor på tur til Skarvøy i 1945.

Fremste rekkja: Alf Sæle, Thorbjørg Fonneland, Olai Blom, Marit Dale, Ivar Blom, Agnes Blom, Karen Blom.

2. rekkja: Andreas Blom, Martin Blom, Karl Blom, Ruth Sæle, Kristina Dale g. Sæle.

Bakerst: Edith Blom, Nikolai Blom, Jens Blom, Herborg Sæle, Olav Blom, Solveig Blom og Gulborg Herdlevær.
Fotoeigar : Marit Dale



# 5. klasse leir Skjergardsheimen



Første helga i mars hadde me leir for 5. klassingane i Øygarden på Skjergardesheimen. Dette var ein koseleg leir for både deltakarar og leiarar. Me starta opp laurdags morgon med bli-kjend-samling og bibeltime. På alle samlingane song me nokre songar, og det var sæskild ein som gjekk att: "Jesus det er du som gjør meg glad". Vidare utover dagen hadde me OL, VM i fotball, hobbyaktivitetar og sjølvsagt kiosk. Då det stunda mot kveld var det duka for leirkveld. Og her var det mange artige innslag, mellom anna "mjøl-og-vatn-leiken", moteførestelling, skodespel om helten Harry osb. Før me gjekk til sengs hadde me ei fin kveldssamling der me fekk høyra om kor ufatteleg glad Jesus er i oss at han døydde på krossen for oss. Då søndagen kom åt me frokost og pakka sakene, før me hadde ei samlingstund der Slemme Sakk(eus) vitja oss. Etter han hadde møtt Jesus, vart han snill, og alle saman fekk tilbake Non-stoppane han hadde teke frå dei. Så var det tid for heimreis.



B&M
Bok&Media

Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no








# Velkommen til dåpsskule for 6-åringar

No i mai skal vi ha dåpsskule for 6-åringar. Alle som vert 6 år i 2008 er velkommen til dåpsskule i Hjelme kyrkje desse ettermiddagane: 8., 15., 22., 29. mai alle dagar frå kl 17.30-18.30 og familiegudstenesta 8. juni kl 11.00 som då vert avslutningen på dåpsskulen
Påmelding til kyrkjekontoret 56382240

## Konfirmantar i Øygarden 2008

**BLOMVÅG KYRKJE**
**Lør. 26. april 2008 kl. 10.30**
Aune, Joachim
Blom, Fredrik
Ellingsen, Bjarte
Haugetun, John- Henning
Heggholmen, Fredrik
Monsen, Kristoffer
Oen, Hilde Langøen
Oen, Joakim
Paulsen, Martin Oen
Storebø, Simon
Torsvik, Lillian

**Lør. 26. april 2008 kl. 12.30**
Breivik, Cecilie
Dagg, Marcus
Hæsken, Ida Marie
Hæsken, Marcus
Husebø, Tarek
Marx, Aina Kristine Berg
Jørgensen, Gina Sæle
Landro, Alice
Sørenes, Daniel Malmedal
Turøy, Karoline Langø
Wollertsen, Mariele

**Søn. 27. april 2008, kl. 11.00**
Fjeld, Susanne
Halvorsen, Martin
Landro, Susanne Sæle
Oen, Fredrik
Pedersen, Malin Rongved
Sæle, Natalie
Toft, Trond-Arle
Vik, Mari-Elise
Hitsøy, Kristoffer Haugtun

**Søn. 4. mai 2008, kl.11.00**
Alden, Dan Malmedal
Andersen, Martine Rong
Dale, Mathilde Karin
Gerhardsen, Cecilie Nysæter
Hetlevik, Michelle
Jensen, Håkon
Nyborg-Christensen, Gabriel Chavarria
Rong, Daniel Miljeteig
Solberg, Frida Jentoft
Turøy, Kamilla Büschmann
Widding, Sandra Fjeldstad
Grøneng, Martine
Djupevåg, David
Jakobsen, Steffen Rong

**HJELME KYRKJE**
**Lør. 3. mai 2008, kl. 11.00**
Breivik, Espen
Davø, Helge
Dåvøy, Irene
Hatten, Katrine
Hetlevik, Helene
Jørgensen, Aleksander
Oen, Thea Marie
Sæle, Freddy
Tornøe, Alexander

# Storsamling om misjon i Bergen



*Bjarte Leithaug og datteren Astrid skal opptre under Generalforsamlingen til NMS i Bergen i sommer.*

Det er ventet 1600-1800 deltakere, barn, unge og voksne til Det Norske Misjonsselskaps generalforsamling i Bergen 9.-13.juli. Under mottoet "Guds draum" inviteres det til viktige og gode opplevelser i byen mellom de sju fjell.

Bergenshallen blir hovedarena, men generalforsamlingen (GF) vil også sette sitt preg på andre deler av byen. Det blir samlinger både på Fløyen, i Vågsbunnen, tusenårsstedet ved Fana kirke og i Johanneskirken.
- Jeg ser på dette som en storhending i byen og en inspirasjon for hele bispedømmet. Misjonsfolket har varme hjerter, et tydelig oppdrag og en grenseløs erfaring fra det kulturelle og religiøse vrimletorget, sier biskopen i Bjørgvin, Ole D. Hagesæther.
I forhandlingsmøtene på GF skal en rekke aktuelle saker drøftes. Homofili, samboerskap, regioninndeling, åpenhetskultur og endring av formålsparagraf er blant temaene som NMS regner med kommer til å skape mest debatt.

Generalforsamlingen legger opp til at hele familien kan delta. Det blir et omfattende og spennende programtilbud både for barna og de unge.
**"Malaïka", et prosjektkor satt sammen av studenter fra Collège Protestant i Ngaoundéré i Kamerun, er invitert til Norge i forbindelse med generalforsamlingen. Koret synger spennede variert, tradisjonell afrikansk musikk.**

I disse miljøtider er det også verdt å legge merke at GF blir et -grønt arrangement-. En ønsker å ha Miljøfyrtårn-modellen som mål for de ulike sidene ved storsamlingen.
- Vi synes temaet vårt, -Guds draum- er spennende, sier lederen i hovedkomiteen for generalforsamlingen, Kari Sørheim.
  - Gjennom forkynnelse, innslag fra vår verdensvide kirke, enkeltmennesker som deler sitt møte med Gud, god sang og musikk og kultur, håper vi deltakerne får et nytt innblikk i Guds drøm for oss og den jorda vi lever på, sier hun.

**Denne teksten kom av en eller annen grunn ikke igjennom.**

**Fikk melding om at teksten ikke var godkjent som fil.**



# Kjære leser av Øynytt

Dette er en henvendelse fra en liten gruppe pleiere på Tednebakkane Omsorgsenter. Vi har en svært givende og veldig viktig jobb med mennesker med demens. Det innebærer bl.a. å ta vare på de gode øyeblikkene. Rett før jul i fjor, overrasket Demensforeningen i Fjell og Øygarden oss med en pengegave på kr. 10 000,- øremerket utsmykking av korridoren inn til demenspostene. Vår flotte bygning er en fantastisk ramme rundt oss som jobber og bor her. Men noen steder, som korridoren, kan gjøres mer verdifull og brukervennlig. Tanken vår er å utsmykke noe av veggene med erindringsskap og minnetavler. Rett og slett henge opp gamle ting som bringer frem de gode minnene og de fine samtalene. Dette er et viktig verktøy til bruk i erindringsarbeid ved daglig arbeid/samvær med personer med demens. I tillegg vil det bli hyggelig for alle ansatte og besøkende å ha noe fint å se på.
Til dette arbeidet trenger vi hjelp av nettopp deg/dere. Har du/dere noe liggende i nøst, kjellere og på loft som du/dere kan tenke deg å se i vår korridor neste gang du kommer på besøk? Pris blir vi enige om!
Temaer vi ønsker oss til utsmykkingen kan være:

¤ Fra syskrinet.
¤ Damemote.
¤ Grytelapper.
¤ Til pryd på kjøkkenet.
¤ Verktøykassen.
¤ Babytøy.
¤ Fiskeredskaper.
¤ Gamle reiseeffekter.
¤ Gammelt sportsutstyr.
¤ Gårdsredskaper.
¤ Gamle ukeblader og fotografier ( vi kan ta kopi)

Vi vet at det styrker livskvaliteten hos personer med demens å stimulere evnen til å huske. Vi håper med denne henvendelsen å kunne starte med dette arbeidet ganske snart!
På forhånd takk!



**Disse kan kontaktes:**

| | | |
|---|---|---|
| Ingvild Gry Solbakk | Dagavdelingen | Tlf: 56 38 23 40 |
| Anne Britt Hagen | Post 1 | Tlf: 56 38 23 10 |
| Rigmor Hammer | Post 3 | Tlf: 56 38 23 30 |

Svein Morland

# Gamlepresten om kvifor han framleis er lutheranar



*Svein Morland, Tidlegare sokneprest i Øygarden*

*Andre* vil kanskje koma på tanken at det ikkje er så lett å rikka ein gamal stabukk, og det kan det vel vera noko i… Men for eigen del har eg naturleg nok trong for å leita fram meir edle grunnar for ikkje å endra den kristendomsforståinga eg har.

Denne artikkelen står – sikkert medvite frå redaksjonen i ØyNytt – i samanheng med to tilsvarande artiklar i det bladet som kom ut til påske. Og eg har stor respekt både for pinsevenen og for katolikken. Og, som Karstein Pahr gjev uttrykk for på slutten av det han skreiv, så er tida slik no at det på ein del område er viktig å stå saman på tvers av kyrkjegrensene. Døme: Ei veke etter at dette vert skrive skal det vera fleire store markeringar i Oslo mot den nye kjønnsnøytrale (!) ekteskapslova. Eg tippar på at mange katolikkar, pinsevener og lutheranarar vert med då. Men eg har ein mistanke om at det òg er mange lutheranarar som slett ikkje vil vera med. Ikkje der, og ikkje laurdag 14.juni i Bergen når det skal vera minnemarkering for dei mange ufødde borna som har vorte drepne i dei 30 år etter at noverande abortlov vart innførd.

Dermed har eg og sagt noko om at eg ikkje identifiserer meg med mykje av utviklinga innan lutherdommen, slik det mellom anna skjer i vår heimlege kyrkje og i vårt avkristna samfunn. Nettopp Børre Knudsen hevda jo i si tid at abortlova var i strid med evangelisk-luthersk lære, i og med at Luthers vesle katekisme har med det 5.bodet som forbyr drap. Men han vart svikta både av kyrkje og samfunn.

Og dette er berre eitt av mange døme på ei sørgjeleg utvikling. Difor er det ikkje vanskeleg å forstå at mange ser i andre retningar. Men eg slær nok ikkje fylgje – ikkje mot Roma og ikkje til Sion. For det å vera luthersk er ikkje å identifisera seg med ei historisk kyrkjeleg utvikling, men å dela den kristendomsforståinga som vi finn i dei lutherske vedkjenningsskriftene. Det vil seia dei tre oldkyrkjelege, Luthers vesle katekisme og Den augsburgske vedkjenninga (dei to siste vart til 1529 og i 1530).

Det er der vi kan finna ut kva evangelisk-luthersk kristendom er. Og i dei to siste av desse skriftene er det mangt som utelukkar det som går i anna lei. Ta til dømes desse fire korte punkta:

a) Menneskesynet. Eg seier av og til til elevar som synest at den lutherske arvesyndslæra er for tung og pessimistisk (vi lærer at på grunn av syndefallet er vi alle fødde med synd, utan gudsfrykt, utan tillit til Gud og ein del som for mange høyrest endå verre ut) at då får dei sjå seg om etter andre alternativ, for eksempel det katolske eller det reformerte (det er den delen av reformasjonen som skilde lag med Luther på vesentlege punkt, og i den læretradisjonen finn vi mellom anna pinsevenene).

b) Frelseslæra. Den grunnen reformasjonsverket kviler på lyder (i bokmålsversjon): Menneska kan ikkje « bli rettferdiggjort overfor Gud ved egne krefter, fortjenester eller gjerninger, men de blir rettferdiggjort uten vederlag for Kristi skyld ved troen, når de tror at de blir tatt til nåde og syndene blir forlatt for Kristi skyld, han som ved sin død har gjort fyldest for våre synder. Denne tro tilregner Gud som rettferdighet for seg, Rom 3 og 4.». - 27 år etter (1547) sa Roma blankt nei til ei slik lære.

c) Den kristne er samstundes 100 % rettferdig og 100 % syndar. Her det mange som ikkje føl lutherdommen. Men eg vil ha eit kart som stemmer med terrenget. Dette er for min del til å kjenna seg att i. Då vert det svært viktig å forstå

d) Guds ord som lov og evangelium.Gud har ikkje eitt, men to ord til oss. Loven, det ordet som alltid dømer synda som herjar med oss og i oss, og evangeliet, det ordet som reiser oss opp og gjev oss alt vi ikkje har i oss sjølv, men som vi har i Kristus.

Slik ser det ut for meg. Så nyttar eg dette høvet til å ynskja alt godt for dykk alle i Øygarden, og Guds signing over folket i Sion som frå no av skal stå på «eigne bein».

*Venleg helsing Svein Morland.*

Vi formidlar blomster til innland og utland

Blomsterbua
Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong




5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD.. 900-1700
FRED..................... 900-1900
LØRD. .................. 900-1500

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMER.

# Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

**Søre Sæle**

**Tlf. 56 38 71 20**

**Opent man.-fred. til kl. 21.00**
**Lørdager til kl. 20.00.**

# Det er vi som bygger Øygarden

ØYGARDEN BYGGSENTER

TH BHAS BYGG

NORGESHUS
Øygarden Boligutvikling as

**Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09**
**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**
**www.th-bygg.no**

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personar.
Arrangerer bryllaup, konfirmasjonar og andre tilstellingar.

Kan levera mat til alle anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

**Tlf. 5638 9380**

## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer
Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

BERGEN OG OMEGN
## BEGRAVELSEHJELP



K.H. Polden
Tlf. [illegible]

Tom Wilson
Tlf. [illegible]

Teatergt. 20, 5010 Bergen
**Tlf. 55 21 44 50**
Mobil 917 51 700
- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

## Rossnes Taxi

*Magne Ingvald Rossnes.*

Tinging av turar på
tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

## Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Gravminner

**Leveres ferdig montert med garanti.**
**Be om katalog og pris.**
**Skrifthugging og oppussing utføres.**



**Bjørn Solheimslid**
5336 TJELDSTØ
**Tlf. 5638 9534 / 4004 1045**

## Solstrands Begravelsesbyrå

Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**
E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølgning og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**
Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

# Uenighet om skrivemåten på misjonsby

***Familien Sanden fra Øygarden jobber som misjonærer i en by i Vest Afrika. De vet hvordan navnet på byen uttales, men fordi innbyggerne i byen bruker mange ulike språk er det ingen som med sikkerhet kan si hvordan bynavnet skal skrives.***

**Uklart bynavn**
Forrige uke var familien  på misjonærkonferanse.
- Det ble mange samtaler om arbeidet, både det som skjedde i 2007 og tanker for fremtiden. Noe som ble diskutert var hvordan vi egentlig skriver  navnet på byen vår, Ossobidjanja, sier Elisabeth Sanden.
- Vi har her valgt en nogen lunde «uttalevennlig skrivemåte» for de som snakker norsk. På fransk er det Oussoubidiagnia, på kassonke blir det Ussubijanya, og mange norske har falt ned på Oussoubidianja eller lignende, -alt etter ulike uttaleregler. Så det blir rett og slett en sak for Arbeidsutvalget å finne en felles skrivemåte på landsbyen vår, sier Elisabeth.!



*Barnejenten Sosaba og Hild Elida*

**Frustrert av sykdom**
Hjemme i Oussoubidjanja er det ikkje så lett å være misjonær for tiden. Jenten som passer barna Hild Elida og Esther Kristine har vært syk lenge. Hun vet ikkje når tid hun kan komme tilbake i jobb.
- Det gjør at jeg er mye hjemme  med barna, og sliter litt med frustrasjon over å få gjort så lite. Samtidig er det utrolig viktig for oss at jentene våre har  det bra, og det har de. De leker veldig fint sammen, og tegneferdighetene har utvikla seg voldsomt i det siste, sier Elisabeth.

**Utfordrer kvinnene til å be**
Til tross for mye tegning og omsorg for egne barn får Elisabeth prioritert undervisning av kvinnene i byen. De samles til undervisning og bønn hver onsdag ettermiddag.
- I år er det en kjerne på ti stykker, og det er kjekt å se hvordan samholdet øker med tiden. I det siste er det kvinnene selv som har stått for undervisningen, og det er en viktig utvikling. Det er ikke veldig mange som er vant til, eller vil, stå foran de andre å snakke. Og det er en utfordring når det er flere som ikke kan lese eller skrive. Nå bruker vi et opplegg som heter «Bibelen i bilder». Det er utvalgte bibelfortellinger med et tilhørende stort bilde å vise fram, og alle fortellingene med spørsmål er oversatt til kassonké. Og sånn jeg ser det, vil jeg heller bruke tid på forberedelse sammen med noen, enn å stå der å stotre selv. De er i alle fall mye flinkere med språket. Dessuten har jeg lært at jeg ikke skal spørre om noen vil be, da sier de bare nei, men si at «nå kan du be!», sier Elisabeth.

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus
B&M
Bok&Media
Bok & Media, Vestbok
Tlf: 55 31 70 63
post@vestbok.no
www.vestbok.no

**Minibokhandelen anbefaler:**
I filmen opplever vi historia om Jesus sett frå borns auge. Den viser høgdepunkt i bilbelhistoria og utfordrar sjåarane på dens betydning i dag. Ei fengslande og lærerik historie, spesielt egna for born i skulealder.
**Kr 199,00**



SparebankenVest
- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middagsrettar og nysteikte bakervarer

SPAR
RONGEBUA

- **Post i butikk**

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER







TIMEBESTILLING 56 38 73 90

trend Frisør

RONG SENTER

**Egne prisar for pensjonistar**
**Langope torsdag.**

*Vi har fått inn vårens nyheter*

Mand-fred 10-18
Lord 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA
Gave & Interiør

RONG SENTER

i.d. MAKEUP BASERT PÅ RENE MINERALER FRA NATUREN




**Velkommen til oss:**

**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**

Rong senter • 56 38 95 15

- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass

Hydro Texaco

MECA CAR SERVICE

Bilverksted
BLOM SERVICESENTER AS

GODKJENT AV BILTILSYNET

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**

Øygarden elektriske as
Tlf.: 56 38 24 40 - Faks: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

TORSVIK ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/paraboleanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon 922 34 062
www.torsteinsvik.no

**Harkestad Betong AS**
Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

**Malvin Harkestad & Sønner AS**

**Alt i grunn- og betongarbeid**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

## GUDSTENESTER

**26.april** **Blomvåg kyrkje kl. 10:30** Konfirmasjon v/Svenn Martinsen
**26.april** **Blomvåg kyrkje kl. 12:30** Konfirmasjon v/Svenn Martinsen
**27.april** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Konfirmasjon v/Svenn Martinsen
**03.mai** **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Konfirmasjon v/Svenn Martinsen
**04.mai** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Konfirmasjon v/Svenn Martinsen
**11.mai** **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
**12.mai** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
**17.mai** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen
**17.mai** **Hjelme kyrkje kl. 12:30** Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen
**18.mai** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
**25.mai?** **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen???
**01.juni** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
Årsmøte etter gudstenesta
**08.juni** **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste. Avsluttning for dåpsskulen. Dåp
Årsmøte etter gudstenesta
**15.juni** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd

## INNKOMNE OFFER

**BLOMVÅG:**

| | | |
|---|---|---|
| 18.nov | Åpne dører | kr. 6698,50 |
| 02.des | Fiskarheimen på Røst | kr. 4600,50 |
| 16.des | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 1856,50 |
| 16.des | kor, musikkdeltakarar | kr. 3282,50 |
| 24.des | Strømmestiftelsen | kr. 9939,50 |
| 25.des | Misjonsselskapet | kr. 2662,50 |
| 1.jan | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 1794,00 |
| 13.jan | KRIK | kr. 1695,50 |
| 27.jan | Norsk Luth.Misjons | kr. 2042,50 |
| 10.feb | Norsk Lærerakademi | kr. 3120,50 |
| 24. feb | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 1935,50 |
| 9.mars | Menneskeverd | kr. 2308,50 |
| 20.mar | Åpne dører | kr. 1776,00 |
| 23.mar | Sjømannskirken | kr. 5389,50 |

**HJELME:**

| | | |
|---|---|---|
| 11.nov | Kyrkjelydsarb | kr. 3769,50 |
| 25.nov | Norsk lærerakademi | kr. 2064,50 |
| 9. des | Fiskarheimen på Røst | kr. 2102,50 |
| 16.des | kor-musikkdeltaker | kr. 2904,00 |
| 24.des | Strømmestiftelesen | kr. 6719,50 |
| 26.des | Misjonsselskapet | kr. 2065,50 |
| 6.jan | kyrkjelydsarbeidet | kr. 1658,00 |
| 20.jan | Det norske bibelselsk | kr. 1664,00 |
| 3.feb | Nordh.Indremisjon | kr. 900,00 |
| 17.feb | bibelskulen Bildøy | kr. 2319,00 |
| 2. mar | Strømmestiftelsen | kr. 1560,00 |
| 16.mar | Norsk Luth Misjons | kr. 2018,00 |
| 24.mar | Normisjon | kr. 1849,00 |

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

**BLOMVÅG**

### *Døypte:*

Philip Arild Papas Sæther, Blomvåg
Alexander Hellesøy Gørbitz, Blomvåg
Ask Ottesen Stølsnes, Veslevarden
Sturla Davidsson Svellingen, Veslevarden
Maria helle Blom, Raudhammaren
Ahmad Tarek Husebø, Austemarka
Marcus Grimeland-Rong, Nesttun
Martin Svellingen, Torsvik

**HJELME**

Hedda Blom Hellesund, Løten
Sondre Misje, Blomvåg

### *Døde*

**BLOMVÅG**

Brita helena Rong, Rong f. 1916
Helena Torsvik, Tednebakkane f. 1920
Kenneth Rong, Rong f. 1962
Sander Turøy, Tjeldstø f.2008

**HJELME:**

Sofie Petrine Alette Dåvøy, Dåvøy f. 1929
Madli Alvilda Sæle Solhaug, Tednebakkane f. 1934
Rolf Helle, Dåvøy f. 1936
Monrad B. Alvheim, Alvheim f. 1912

## TIL LUKKE

**70 år:**

| | |
|---|---|
| 01.mai | Malfred Einar Hernar, Hernar |
| 25.mai | Oddlaug Pauline Solvik, Torsvik |
| 25.mai | Dagny Leonora Sture, Tjeldstø |
| 28.mai | Malvin Johan Blom, Toft |
| 10.juni | Trygve Johannes Hellesøy, Hellesøy |

**75 år:**

| | |
|---|---|
| 30.april | Anni Berit Hetlevik, Hellesøy |
| 15.mai | Johannes Olsen, Rong |
| 31.mai | Johan Bertin Haugland, Bakken |
| 08.juni | Alv Jarly Rossnes, Rossnes Vest |

**85 år:**

| | |
|---|---|
| 29.april | Johan Alfred Alvheim, Alvheim |
| 27.mai | Hilma Svanlaug Rong, Tjødnarvegen |
| 17.juni | Arthur Odd Abbedissen, Oen |

**90 år:**

| | |
|---|---|
| 02.mai | Betsy Torsvik, Torsvik |

## Takk!

Ei varm takk for venleg omsorg, blomsterhelsingar og gåve til søndagsskulen ved vår kjære Madli Sæle Solhaug sin bortgang. Takk til Tednebakkane omsorgsenter og vikarprest Otto Høvik og alle som gjorde gravferda til ei god minnestund for oss alle.

*Familien*

## *Tusen takk....*

Me vil takka **Otto Høvik** for tida han har vore saman med oss i kyrkjelydane.
Takk for god forkynning og god omsorg!
Beste ynskjer for deg vidare,- me håpar å sjå deg snart att!

*Helsing frå Blomvåg og Hjemle kyrkjelyd*

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B
NORGE

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE
P.P.

# Barnas dag i Blomvåg kirke





Av Leif Gunnar Vik

Barnesang, barnemat, barnepreik og barneleik. Det var barna som fikk oppmerksomheten i Blomvåg kirke første søndagen i april.

Alle toåringane og fireåringene i Blomvåg sokn var invitert til Gudstjeneste. Toåringene ble løftet fram av stolte foreldre og fikk hver sin spisebrukke med kuer og sommerfugler tegnet på. I tillegg står det skrevet en bordbønn som enten kan synges eller leses. Like etter kom fireåringane fram og fikk hver sin bok.



Om lag 40 barn satte seg på trappene framme i kirken og ble invitert med til å synge for de voksne. Etterpå snakket presten om Jesus. Gudstjenesten ble avsluttet ute i det fine været. På veien ut fikk alle en ispinne, sjokolade og saft